

**Notat**Dato: 23.02.2016  
Arthur K. Arnesen

---

**Til:** Kontaktpersonane i dei seks fylka  

---

**Frå:** Arthur K. Arnesen Hordaland fylkeskommune  

---

## **Omstilling på Sør- og Vestlandet,**

### **- Strategiske føringar og avgrensingar for virkemiddelbruken.**

#### **1. Innleiing**

Den vanskelege situasjonen i petroleumssektoren, har gitt leverandørbedriftene store utfordringar med svikt i aktivitet og lønnsemd, og har mellom anna ført til oppseiingar og permitteringar. Sektoren har vore prega av strukturelle problem med eit kostnadsnivå som ikkje var berekraftig på sikt, og fallet i oljeprisen har forsterka desse problema. Skal leverandørindustrien ha ei god framtid, må dei strukturelle problema løysast med omstilling, innovasjon og nyskaping. Ansvar for dette ligg primært hos næringsutøvarane, men myndigheiter, nasjonalt og regionalt, kan medverke ved å gjera noko med rammetilhøva for denne industrien, og ved å stimulera og støtta konkrete tiltak og prosjekt.

I Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt oppdragsbrev til fylkeskommunane av 14.01.2016 om bruken av regionale utviklingsmidlar (Post 60) går det fram at 20 mill. kr av omstillingspotten er sett av til å møte utfordringane som følgje av endringane i petroleumsnæringa på Sør- og Vestlandet. I brevet får Hordaland fylkeskommune ansvaret for å leie eit felles omstillingsarbeid for fylka frå Møre og Romsdal til Aust-Agder. Midlane er knytt opp til dette arbeidet og blir overført til Hordaland fylkeskommune som har det overordna forvaltingsansvaret for virkemiddelbruken. Midlane skal nyttast på tvers av fylkesgrensene, og kan ikkje omprioriterast til andre føremål. Det går også fram at midlar til omstilling er landsdekkande og kan nyttast i alle kommunar.

I eit eige notat datert 15.02.2016 er organisering, ansvar og oppgåvedeling for dette omstillingsarbeidet omtalt. Notatet har tittelen «Omstilling på Sør- og Vestlandet; - Organisering og oppgåvedeling». I dette notatet blir overordna strategiske føringar og avgrensingar for virkemiddelbruken omtalt. Notatet er meint å vere eit grunnlag for vidare arbeid med dette i Styringsgruppa. Det blir lagt til grunn at Styringsgruppa kommer fram til ein ytterlegare spissing og prioritering der kor det er behov for det.

Til saman utgjer desse to notata grunnlaget for korleis dei seks fylka skal drive fram dette arbeidet.

Notata er utarbeidd i nært samarbeid med ei kontaktgruppe med medlemmer frå alle seks fylkeskommunane. Kontaktgruppa stiller seg bak forslaga i desse notata. Notata er meint å danne grunnlag for handsaming i dei seks fylka.

## 2. Målsetting og strategiske hovudområde

### 2.1. Målsettingar.

Overordna målsetting og tre hovudformål for det regionale omstillingsarbeidet er omtalt i notatet av 15.02.2016. Av hovudformåla er det mest sentrale for sjølve virkemiddelbruken:

- Medverke til å realisere flest mogleg konkrete tiltak og prosjekt for å møte utfordringane i petroleumsindustrien i heile regionen.

Det er difor lagt til grunn at midlane skal nyttast i ei søknadsbasert ordning som delfinansiering av konkrete tiltak og prosjekt med krav om anna delfinansiering. Ein eventuell bruk av midlane til eigendefinerte program og prosjekt, vill normalt krevje organisering som offentleg innkjøp og 100 % finansiering med omstillingsmidlane.

Det er også semje om at omstillingsarbeidet skal vere både individretta og bedriftsretta. I praksis betyr det at virkemiddelbruken må vere todelt og gå til prosjekt og tiltak for å:

1. Handtere konsekvensane av auka arbeidsløyse som fylgje av nedbemanning og oppseiingar i petroleumssektoren.
2. Styrke og vidareutvikle bedriftene innan sektoren med særskilt fokus på leverandørindustrien.

### 2.2 Strategiske hovudområde:

Dei moglege strategiske vala for bedriftene og for dei tilsette i leverandørindustrien er summert opp i tabellen under.

Utviklingsstrategi	Korleis?
<b>1 Forsterking</b> - av dagens produkt/marknadssegment	«Meir av det same» - Styrke dei bedriftene som framleis skal vere leverandørar til olje- og gassindustrien. - Styrke kompetansen for dei som er i jobb og skal jobbe vidare i desse bedriftene.
<b>2 Fornyng</b> - av produkt av marknader av kompetanse av bedriftene	- Utvikling av nye produkt/tenester og/eller marknader i olje/gass sektoren for aktuelle leverandørbedrifter. - Styrke/vidareutvikle kompetansen for dei som blir arbeidsledige, men som framleis skal/vil jobbe i denne industrien. - Etablering av nye leverandørbedrifter i olje- og gassektoren.
<b>3 Nyskaping</b> - nye produkt i nye bransjar nye bedrifter i nye bransjar nye jobbar i nye bransjar	- Støtte bedrifter som ønskjer å nytte kompetansen frå olje/gass til å utvikle nye produkt/tenester for andre sektorar/marknader. - Hjelpe tilsette (og bedrifter) som ønskjer å nytte kompetanse og teknologi frå olje/gass sektoren til å starte nye bedrifter retta mot nye marknader. - Hjelpe tilsette som ønskjer å styrke/komplettera kompetansen sin for å kunne gå inn i nye bransjar eller offentleg verksemd.

Alle bedriftene og dei tilsette må velje ein av utviklingsstrategiane over for å effektivt møte dei strukturelle utfordringane i bransjen. På tross av desse strukturelle utfordringane, vil leverandørindustrien også framover vere ein stor og viktig industri. Dei fleste bedriftene vil nok difor velje utviklingsstrategi 1 og/eller 2 og bli i bransjen. Eventuell offentleg medfinansiering av konkrete utviklingsprosjekt for desse bedriftene må dekkast innfor dei etablerte ordningane som blir forvalta av IN og til dels NAV når det gjeld bedriftsintern opplæring.

Samstundes er det klart at aktivitetsnivået i bransjen skal ned. I framtida vil det difor ikkje vere plass til alle som i dag er i leverandørindustrien. Nokre må difor inn på utviklingsstrategi **3 Nyskaping** som inneber ein større omstilling både for bedrifter og for tilsette. Det er primært til prosjekt og tiltak knytt opp mot denne utviklingsstrategien det vil vere aktuelt å nytte desse omstillingsmidlane. Aktuelle bransjar for omstilling til kan vere havnæringane og fornybarsektoren, men teknologi og kompetanse kan også vere aktuell for mange andre bransjar. For ledig personell kan det også vere aktuelt med omstilling til oppgåver innafor offentleg sektor.

I tillegg kan det vere aktuelt å nytte midlar til å støtte opp under prosessar som stimulerer til etablering av nye leverandørbedrifter under utviklingsstrategi **2 Fornyng**.

Det vil også vere aktuelt å gå inn med ulike målretta lavterskeltilbod i geografiske område som blir hardt ramma av nedleggingar og arbeidsløyse. Vidare kan det vere aktuelt å støtte nokre av leverandørbedriftene med kompetanseressursar i ein strategiprosess knytt til val av utviklingsstrategi.

Føljande **strategiske hovudområde** peiker seg då ut for virkemiddelbruken:

1. Støtte bedrifter som ønskjer å nytte kompetansen frå olje/gass til å utvikle nye produkt/tenester for andre sektorar/marknader.
2. Hjelp tilsette (og bedrifter) som ønskjer å nytte kompetanse og teknologi frå olje/gass sektoren til å starte nye bedrifter retta mot nye marknader.
3. Hjelp tilsette som ønskjer å styrke/komplettera kompetansen sin for å kunne gå inn i nye bransjar eller offentleg verksemd.
4. Etablering av nye leverandørbedrifter i olje- og gassektoren.
5. Målretta innsats i område med mange arbeidsledige frå leverandørindustrien, lågterskeltilbod.
6. Støtte leverandørbedriftene med kompetanseressursar i val av utviklingsstrategi.

For alle desse strategiske hovudområda vil det vere mykje å hente på eit samarbeid på tvers av fylkesgrensene. Dels vil det vere snakk om å etablere felles tiltak for fleire eller alle fylka som til dømes innafor etter- og vidareutdanning. Dette kan også gjelde meir bedriftsretta tiltak og tiltak retta mot etablering av nye bedrifter. I andre tilfelle vil det vere snakk om erfaringsoverføring og samarbeid over fylkesgrensene som til dømes å få på plass dei beste «lågterskeltilboda» i område med høg arbeidsløyse eller tiltak retta mot lærlingar.

Ein prosjektorganisering som legg til rette for eit godt samarbeid mellom arbeidsgivarar- og arbeidstakarorganisasjonar, utdanningsinstitusjonar, NAV, UH- sektoren og fylkeskommunane, vil letta vidareutviklinga av oljerelatert kompetanse til kompetanse som det er etterspørsel etter i andre sektorar og bransjar, inkludert offentleg sektor. Kompetanse- og erfaringsoverføring mellom ulike bransjar på tvers av fylka kan også gje grunnlag for ny og framtidig teknologiutvikling til dømes retta mot andre havnæringar og/eller fornybar energi.

For dei bedriftsretta hovudstrategiane vil det vere naturleg å primært utnytte kompetansen og verkemidlane til IN i det operative arbeidet. IN er lokalisert i alle fylka og har inngåande kjennskap til bedriftene i alle fylka. Dette kan opne for interessante koplingar på tvers av fylka. Det er viktig at desse omstillingsmidlane blir sett i samanheng med andre bedriftsretta verkemidlar i regi av IN. Bruk av omstillingsmidlar vil berre vere aktuelt der IN ikkje har «ordinære» virkemidlar for bruk opp mot dei strategiske hovudområda.

For tiltak retta mot arbeidslause, har NAV ei sentral rolle i første fase, men også IN og fylkeskommunane har viktige roller og oppgåver for å få i gang ny aktivitet og nye arbeidsplasser for dei som blir utan arbeid. Det er frå sentralt hald i NAV signalisert at det skal bli større regional handlefridom for å tilpassa tenester og verkemiddel til lokale behov. Utover tilboda frå NAV, kan det vere behov for ulike lågterskel tilbod knytt til stimulans og motivasjon til å komme vidare for dei som står utan arbeid. Dette kan både dreie seg om å nytte kompetansen sin til å starte eigen bedrift og til å styrke kompetansen for jobb i andre bransjar.

I statsbudsjettet for 2016 er det løfta fram ein særskilt tiltakspakke for auka sysselsetting på i alt fire mrd. kroner til dei som mister jobben i næringar og fylker som vert hardest råka av låg oljepris. Det kan då oppstå behov for kompetanseheving for at dei som blir utan arbeid kan vere aktuelle for dei jobbane som blir skapt som følge av denne omstillingspakken. I slike tilfelle kan det vere aktuelt å nytte omstillingsmidlane.

Dei strategiske hovudområda gir retning for kva type tiltak som er aktuelle. Samstundes gir dei rom for å prioritera ei rekke aktuelle prosjekt og tiltak. Her vil det vere opp til styringsgruppa å ytterlegare definere og konkretisere virkemiddelbruken.

### 3 Retningslinjer og avgrensingar

#### 3.1 Nasjonale og regionale føringar

Forskrifta for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar har mellom anna definerte om overordna tildelingskriteria, kva for kostnader som kan dekkast og ikkje dekkast og krav til søknaden. Mellom anna vil alltid kvaliteten på eit prosjekt vere avgjerande for om det vil oppnå støtte eller ikkje. Desse krava vil bli innarbeid i meir konkrete retningslinjer for tilskottsordninga og blir ikkje referert her.

Fylkeskommunane har også eigne regionale strategiar for næringsutvikling i eigne fylke. I den grad det er hensiktsmessig vil også desse bli lagt til grunn, til dømes der kor det er snakk om omstilling til andre bransjar og tenester. Her kan det også leggest til rette for eit samarbeid på tvers av fylkeskommunane. Det blir samstundes lagt til grunn at alle fylkeskommunane ønskjer å styrke og vidareutvikle den leverandørindustrien dei alt har slik at den vil vere konkurransedyktig også i framtida.

#### 3.2 Forholdet til andre virkemiddelaktørar

NAV har eit nasjonalt ansvar for oppfølging og tiltak for arbeidsledige medan IN har eit ansvar for bedriftsretta tiltak. I tillegg har fylkeskommunane ordinære regionale utviklingsmidlar. Desse omstillingsmidlane skal ikkje nyttast til å erstatte «ordinær» finansiering frå dei nasjonale aktørane eller fylkeskommunane. I tilfelle kor det kan vere tvil, skal ein først avklare mogeleg finansiering frå dei ordinære aktørane før ein eventuelt vurderer finansiering med omstillingsmidlane. Eventuell bruk av omstillingsmidlane skal komplettere og ikkje erstatte bruk av IN, NAV eller fylkeskommunane sine ordinære virkemiddel.

#### 3.3 Langsiktige tiltak og forskingsretta tiltak

I ein situasjon kor både tilsette og bedrifter blir hardt ramma, er det viktig at tiltak og prosjekt blir gjennomført så raskt som mogeleg. Midlane må tildelast konkrete tiltak og prosjekt som kan bli sett i verk så raskt som mogeleg. Kortsiktige tiltak bør difor ha høgast prioritet. Meir langsiktige tiltak og prosjekt, til dømes FoU-prosjekt, omfattande klyngeutviklings- og infrastrukturtiltak blir halde utanfor dette regionale omstillingsarbeidet. Her har også andre utviklingsaktørar klare ansvarsområde.

Forskringsrådet og dei regionale forskingsråda har eit ansvar for å medverke til offentleg medfinansiering av forskingsprosjekt. Dette er prosjekt med eit langsiktig utvinklingsperspektiv. Denne type prosjekt krevjar også ein eigen framgangsmåte i sakshandsaminga som sikrar at prosjekta har forskingsmessig relevans. Det blir difor lagt til grunn at omstillingsmidlane ikkje blir nytta til finansiering av forskingsprosjekt. Det blir her også vist til at dei regionale forskingsråda på Sør- og Vestlandet har fått ekstra midlar over statsbudsjettet for 2016 til å møte utfordringane i olje- og gassindustrien.

### **3.4 Samarbeid på tvers av fylkesgrensene**

Utgangspunktet for desse omstillingsmidlane er at leverandørindustrien er spreitt over heile Sør- og Vestlandet og at utfordringane i stor grad er dei same i alle fylka. For bedriftene er også fylkesgrensene i dei fleste tilfelle irrelevante. Det er difor naturleg at tiltak og prosjekt på tvers av fylkesgrensene skal ha særskilt fokus. Aktuelle tiltak her kan vere kompetansehevingstiltak, meir bedriftsretta mentorordningar og prosjekt som koplar næringsaktørar på tvers av fylkesgrensene.

Dette må likevel ikkje vere til hinder for at meir lokale tiltak og prosjekt kan bli prioritert der kor omstillingsutfordringane har ramma særskilt. Her vil det særleg vere aktuelt med «lågterskeltilbod» til arbeidstakarar som er ramma, men som ønskjer bruke kompetansen sin til å komme i gang med ny aktivitet. Også her er det rom for samarbeid mellom lokalsamfunn på tvers av fylka for å finne fram til dei tiltaka som fungerer best.

### **3.5 Forankring**

Det er ein føresetnad at alle tiltak og prosjekt må vere forankra i næringslivet og/eller i aktuelle arbeidstakarorganisasjonar. For at tiltaka skal kome raskt i gang og få rask effekt for næringslivet er det viktig at denne forankringa er på plass heilt frå starten av og normalt før midlar blir tildelt.

Dette inneber at midlane kan ikkje nyttast til generelle tiltak som berre indirekte kan styrke næringslivet og dei tilsette si omstillingsevne som til dømes meir generell støtte til akademia eller utviklingsakørar.